

Protokoll frå generalforsamling GMU

09.06.2023

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Oppedal, Hallvard Hallstein (24.11.1956), signert 09.06.2023 med Signicat Sign BANKID
- Eide, Odd Harald Per (07.10.1955), signert 10.06.2023 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

PROTOKOLL FRÅ ORDINÆR GENERALFORSAMLING 2022

Den 09. juni 2023 vart det halde ordinær generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling as (GMU), org nr. 992 971 118 på Skjerjehamn, Gulen.

Generalforsamlinga vart opna av styreleiar Hallvard Oppedal som gjorde oppteljing av møtande aksjeeigarar og fullmakter:

Aksjonær	#aksjar/andel	Representert ved
Vestland Fylkeskommune	6 625 aksjar (32,1%)	Jon Askeland
SIVA - selskapet for Industrivekst	5 113 aksjar (24,8%)	Tina Lihaug Selbæk
Gulen kommune	4 444 aksjar (21,6%)	Odd Harald Eide
Masfjorden kommune	4 443 aksjar (21,5%)	Erlend Kvamsdal

Dermed var alle aksjar, totalt 20 625 og stemmer representert.

I tillegg møtte:

Ragnhild Undertun, dagleg leiar, Gulen og Masfjorden Utvikling as

Frå styret møtte: nestleiar Karstein Totland

Det vart deretter gått over til å handsame dagsorden:

1. Val av møteleiar

Hallvard Oppedal vart samrøystes valt til møteleiar.

2. Godkjenning og innkalling og sakliste

Ingen av representantane hadde spørsmål eller merknader til innkalling og dagsorden, og møteleiar stadfesta deretter at generalforsamling var lovleg sett.

3. Val av representant til å underteikne møteprotokoll:

Odd Harald Eide, Gulen, vart vald til å signere møteprotokoll saman med møteleiar. Avgjerda var samrøystes.

4. Presentasjon av selskapet si drift og stilling

Dagleg leiar gav ei orientering om selskapet sin aktivitet og resultat i 2022 samt drift og stilling i 2022 og svarte deretter på spørsmål frå aksjonærane. Orienteringa vart teke til vitande utan merknader.

5. Presentasjon av styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, medrekna disponering av resultat.

Styret sitt forslag til årsrekneskap og årsmelding, samt revisor si melding vart sendt ut til aksjeeigarane. Årsmelding, årsrekneskap og revisor si melding vart gjennomgått i møtet. Årsmeldinga og årsrekneskapen vart etter gjennomgang samrøystes vedteken.



6. Godkjenning av honorar til selskapet sin revisor.

Honorar til selskapet sin revisor i 2022 på kr. 28 100 eks mva. der kr. 18 900 er honorar for ordinær revisjon, vart samrøystes vedteke. Generalforsamlinga gav fullmakt til dagleg leiar å undersøke moglegheiter for skifte av revisor som følgje av høge kostnader for eksisterande avtale.

7. Fastsetjing av godtgjersle til styret sine medlemmar.

Styregodtgjersle på same nivå som tidlegare år, kr. 20 000,- til styreleiar og kr. 15 000,- til andre styremedlemmar vart samrøystes vedteke. Styrerepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå styrehonorar.

8. Val av styre

Valnemnda har fylgjande innstilling som tilråd at noverande styre i selskapet vert sitjande til fram til ekstraordinær generalforsamling planlagt hausten 2023 som følgje av potensiell endringar i eigarskapsstruktur, samt kommune -og fylkestingsval som medfører endringar i kommunane sine oppnemnde representantar.

Hallvard Oppedal	Leiar (Gulen kommune)på val, sit fram til ekstraordinær generalforsamling haust -2023.
Karstein Totland	Nestleiar (Masfjorden kommune) på val, sit fram til ekstraordinær generalforsamling, haust 2023.
Karl Vågstøl	styremedlem, (Vestland Fylke) på val, sit fram til ekstraordinær generalforsamling, haust 2023.
Marte Sleire Hatlevik	styremedlem (næringslivet) på val, sit fram til ekstraordinær generalforsamling, haust 2023.
Sigmund Holmaas	styremedlem (næringslivet) på val, sit fram til ekstraordinær generalforsamling haust 2023.
Lina Utne Braanaas	styremedlem (næringslivet), ikkje på val, (2024).
Beate S. Korsøen	styremedlem (næringslivet, ikkje på val, (2024).

Generalforsamlinga innstiller fylgjande ny valnemnd:
Hallvard Oppedal, Karstein Totland og Marte Hatlevik

9. Fastsetjing av godtgjersle til valnemnda:

Styret gjer forslag om ei godtgjersle til valnemnda på kr. 5000,- der kr. 2 000 blir tilgodesett leiar av valnemnda.
Generalforsamlinga vedtok innstillinga samrøystes.

Skjerjehamn, 09. juni 2023

Protokoll ordinær generalforsamling 2022 – Gulen og Masfjorden Utvikling as

Dokumentet er signert digitalt av:

- Oppedal, Hallvard Hallstein (24.11.1956), 09.06.2023
- Eide, Odd Harald Per (07.10.1955), 10.06.2023

Forseglet av



Posten Norge